

## **Egedomsregime**

Erling Berge

Berge, Erling. 2011. Tenure regimes/ Egedomsregime. *Kart og Plan* 71 (3):172-179.

Abstract: The article presents background and core concepts used in describing and analysing characteristics of regimes governing the exploitation and management of natural resources.

Key words: tenure regimes, bundles of rights, social traps

Erling Berge,  
Institutt for landskapsplanlegging, Universitetet for miljø og biovitenskap,  
Department of Landscape Architecture and Spatial Planning,  
Norwegian University of Life Sciences,  
PO Box 5003, NO-1432 Aas, Norway

**Berge, Erling. 2011. Egedomsregime. *Kart og Plan* 71 (3):172-179.**

## **EIGEDOMSREGIME**

### **Innleiing**

Eit regime kan definerast som ei samling spesifikke institusjonar som til saman styrer atferd og ressursbruk hos aktørar innan eit nærmare avgrensa område av aktivitetar eller interesser. Eit egedomsregime kan dermed seiast vere ei samling lover og normer som styrer aktørane si atferd i høve til slike ressursar som det er knytt egedomsrett eller tilsvarande rettar til.<sup>1</sup>

Ein kjerneinstitusjon for samhandling mellom menneskje er egedomsrettane. Og all tenking omkring egedomsrettar startar med egedomsrett til jord. Framveksten av egedomsregima og deira rolle i å gjere ressursbruken berekraftig både sosialt og økonomisk har vore eit tema i lang tid. I dette notatet skal det takast utgangspunkt i ideen om mangelen på egedomsregime som opphav til ein tragedie, allmenningens tragedie (Hardin 1968), for å vurdere ulike bidrag til å forstå ulike typar egedomsregime. Eit minimum av krav til eit egedomsregime må vere at det er betre i stand til å styre hausting av ressursar enn ein i somme høve ser i open uregulert tilgang. Allmenningens tragedie har i dag fått status som lærebokdømet på ei sosial felle (Ostrom 2005a). Egedomsregiment må fjerne effekten av den sosiale fella. Mot slutten av artikkelen skal vi seie meir om kva sosiale feller er, og kvifor dei er viktige for teoriar om samfunnsstyringa.

### **Eit tilbakeblikk**

Den moderne diskusjonen om egedomsregime går tilbake til 16- og 1700-talets filosofar<sup>2</sup>. Både den gongen og seinare har diskusjonen dreia seg om korleis privat egedom kan rettferdiggjera. Det vert teke for gitt at i utgangspunktet var naturressursane allment tilgjengelege. Dette vert samanlikna med dagens situasjon der ressursar i normalsituasjonen vert sett som å vere i eksklusiv eige. Korleis kom den eksklusivt eigde resursen til å bli anerkjent som nettopp eksklusivt tilgjengeleg for eigaren? Også dagens filosofiske diskusjon held opp den opent tilgjengelege "allmenningen" som motstykket til den eigde ressursen<sup>3</sup>. I store delar av denne perioden har det i diskusjonen vore teke for gitt at egedom eigentleg tydde full privat egedom. Først i dei siste tiåra har ein i den samfunnsvitskapelege debatten byrja sjå at det finst ulike variantar av egedom, ulike egedomsregime, og at argumentet om tragedien i den opent tilgjengelege allmenningen ikkje automatisk hadde full privat egedom eller statleg regulering som svar. Ein er i dag i større grad villig til å diskutere ulike egedomsregime sine konkrete empiriske manifestasjonar på godt og vondt, heller enn å ta for gitt at eitt regime i alle situasjonar og i alle kontekstar er det beste.

### **Hovudtypar av egedomsregime**

Kva er så eit egedomsregime? Kort kan det definerast som eit sett av reglar og konvensjonar som definerer kven som legitimt kan tileigne seg ein straum av gode frå ein gitt del av dei ressursar samfunnet har tilgang til: dvs. **kven** har lov til å ta **kva** for gode frå **kva** for

---

<sup>1</sup> Oran Young (2002) nyttar omgrepet på denne måten. Ein institusjon vert ofte definert som normer og reglar som styrer atferd innan eit gitt aktivitetsovmråde. Ein tar da med system for overvaking av bruken av reglane og sanksjonering av brot på reglane (North 1990). Skilnaden mellom regime og institusjon er ofte uklar.

<sup>2</sup> Ein kan seie den moderne diskusjonen seinast startar med John Locke's "Two Treatises of Government" (Locke [1690] 1986). Men Locke's avhandling er til dels eit angrep på egedomsteoriane basert på naturrettsstenkinga eksemplifisert ved Grotius og Pufendorf på eine sida og Filmer's royalistiske absolutisme på den andre sida.

<sup>3</sup> Sjå til dømes Garret Hardin sin mykje omtalte "The Tragedy of the Commons" frå 1968. Bromley (1991) oppsummerer debatten som har gått etter Hardin sin artikkel slik "The Hardin metaphor is not only socially and culturally simplistic, it is historically false" (p.22).

ressursar. Dei viktige stikkorda her er “reglar og konvensjonar” og “legitimt”, men også “straum av gode” og “ressursar” treng utdjuping.

### **Ressursar og gode**

Heilt abstrakt kan ein definere ein ressurs som eit samfunnsmessig definert råmateriale som ved målretta aktivitet kan gi aktøren eller aktørane ein straum av gode. Ein straum av gode er på same måten abstrakt definert som ein straum av materielle gjenstandar eller psykiske opplevingar som ut frå aktøren si vurdering aukar livskvaliteten. Vi skal likevel i denne samanhengen ha fornybare naturressursar i tankane. Det er eit empirisk spørsmål om det er hausting av skogtilvekst, mat eller opplevingar som gir den største straumen av gode. Når ein skal lage forvaltningssystem er det likevel markert skilnad mellom t.d. tømmer og villmarksopplevingar. Dei ulike goda som vert produsert i eit landskap kan klassifiserast som nedanfor.

*Tabell 1 Typologi av gode i eit landskap i høve til menneskeleg aktivitet i produksjonen av godet*

	<i>Haustaren av godet er til stades i landskapet</i>	<i>Haustaren av godet treng ikkje vere til stades</i>
<i>Konkurranse om nytten av godet</i>	<b>Landbruksproduksjon:</b> Naturressursen gir gode eller tenester som kan nytast i eller utanom landskapet. Menneskeleg aktivitet innanfor landskapet er nødvendig for produksjonen av godet.	<b>Økosystemtenester:</b> Naturressursen gir gode eller tenester som kan nytast i eller utanfor landskapet. Menneskeleg aktivitet innanfor landskapet er ikkje nødvendig for produksjonen av godet.
<i>Ikkje konkurranse om nytten av godet</i>	<b>Opplevingsproduksjon:</b> Naturressursen gir gode eller tenester som kan nytast berre innanfor landskapet. Menneskeleg aktivitet innanfor landskapet er nødvendig for produksjonen av godet.	<b>Villmark:</b> Naturressursen gir gode eller tenester som kan nytast i eller utanfor landskapet. Menneskeleg aktivitet innanfor landskapet er ikkje nødvendig for produksjonen av godet.
<i>Kjelde: Berge (2006)</i>		

### **Reglar og legitimitet**

Reglar og konvensjonar viser til både formelle og uformelle lover. Både teke-for-gitt atferdskonvensjonar og kulturelt definerte normer er å sjå som delar av det regimet av reglar, normer og konvensjonar som gir legitimitet til ein aktivitet. Men desse reglane og konvensjonane kan ikkje endrast vilkårleg. “Legitimt” viser til at reglane og konvensjonane er omforeinte og at dei som har blitt einige er villig til å sette makt bak reglane ved å sanksjonere dei personane som ikkje følgjar reglane. Sanksjonane vil likevel variere kontinuerleg mellom eit heva augebryn ved eit mildt brot på etiketten til lova si strengaste straff for mord.

Et egedomsregime vil ut frå dette tilordne kvart samfunnsmedlem ein straum av legitimt skaffa gode. At noen da legitimt blir tilordna 0 gode kan være ein del av regimet. Systemet både kan og bør vurderast moralsk (Douglas 1986). Er dei reglar og konvensjonar som fordeler goda det settet av reglar og konvensjonar vi ville ønske oss om vi skulle lage desse utan å vite kva for ein straum av gode vi sjølv ville bli tildelt (Rawls 1972)? Det kan her være ei viss spenning mellom legitimiteten og den moralske vurderinga. I den vestlege verda kan ein anta at graden av demokratisk innverknad på utforminga av dei formelle reglane og

deira bruk vil være nært knytt til legitimiteten<sup>4</sup>. I andre typar samfunn med andre typar ideologisk hegemoni vil legitimiteten ha andre kjelder<sup>5</sup>.

### ***Egedomsregime***

Ein skil i dag normalt mellom fire ulike klasser av egedomsregime:

#### 1. Gratisressursar (uregulert tilgang til ressursane)

Dette kan og definerast som at det ikkje finst noko spesifikt regime. Det gjeld for ressursar som alle kan hauste frå (alle har fridom til å hauste) og ingen kan nekte noen annan å hauste (ingen har ein rett til å hauste). Tilgangen til fisken som finst i havområda utanfor alle territorialgrenser er av denne typen. Lufta vi pustar inn og informasjonen som finnes på "nettet" (Verdensveven /www) er andre eksempel.

#### 2. Allmenningar (felleseigde ressursar)

Allmenningar er karakterisert ved at haustingsprosedyren for ressursen er fastlagt av ei gruppe aktørar der alle medlemmene i gruppa (i utgangspunktet) har like stor rett til den potensielle straumen av gode frå ressursen og der medlemskap i gruppa ikkje kan arvast, kjøpast eller seljast. Til forskjell frå ei gruppe som eig eit gode som privateigedom er gruppemedlemskap i forhold til ein allmenning fastlagt ut frå prinsipp som for eksempel geografisk nærleik eller lang tids hausting frå ressursen<sup>6</sup>.

#### 3. Statseigedom

Dette egedomsregimet er karakterisert av at haustingsprosedyren er fastlagt av ein systemansvarleg aktør med samfunnssystemets funksjonalitet og samfunnsmedlemmene sin velferd som sentrale mål. Dei internasjonalt avtalte kvotane av fisk er i prinsippet å forstå som statseigedom. Vegsystemet er i dei fleste samanhengar forvalta som statseigedom. I det kommunistiske samfunnssystemet var alle produktive ressursar statseigedom. Staten vil normalt også eige ressursar som blir forvalta som privateigedom.

#### 4. Privateigedom

Dette egedomsregimet er karakterisert av at haustingsprosedyren er fastlagt av ein einskild aktør (ein juridisk person) ut frå kva denne aktøren ser som sine primære mål. Ein slik juridisk person kan være eit individ, ei bedrift eller ei foreining. Det kan også være ein kommune, eit fylke eller ein statleg institusjon. Storparten av det som i daglegtalet vert omtala som egedom er forvalta som privateigedom.

Ein gitt "stat" kan dermed både opptre som systemansvarleg aktør og som individuell privat eigar. Dette fører ofte til mistydingar både i politiske diskusjonar av korleis staten bør organisere verksemda si og i statens daglege administrasjon når avgjerdstakarane ikkje har klart for seg forskjellen mellom statseigedom og statens (privatrettslege) egedom og kvifor det eine eller det andre egedomsregimet skal gjelde.

I denne korte omtalen av hovudtypane av egedomsregime er det brukt uttrykk som "fastlegging av haustingsprosedyre" og "systemansvarleg aktør".

Ein systemansvarleg aktør er ein aktør som på eitt eller anna grunnlag har fått som mandat å gjennomføre eit visst minimum av koordineringsaktivitet for systemets medlemmer. Når vi snakkar om systemansvarlege aktørar i vårt land vil det dreie seg om kommunestyre, fylkesting eller Stortinget.

---

<sup>4</sup> Debatten om staten si utforming og maktbruken sin legitimitet i moderne form går tilbake til Hobbes ([1651] 1987) sin teori om at "Leviathan" (den einveldige herskaren eller staten) er nødvendig. Rawls (1972) "A Theory of Justice" og Nozick (1974) "Anarchy, State, and Utopia" er to av dei meir kjente nyare bidraga.

<sup>5</sup> Hume ([1888] 1978, 484-501) hevdar at ideen om rettferd er avleia frå egedomsomgrepet. I naturtilstanden utan noko egedomsomgrep kunne det heller ikkje eksistere noko rettferdsomgrep. Moralfilosofar har som regel forkasta Hume's argument, men i antropologiske studiar dukkar spørsmålet om kor kulturrelativt rettferdsomgrepet eigentleg er, stadig opp (Douglas 1986, 111-128).

<sup>6</sup> For meir om allmenningar i Norge sjå Sevatdal (1998) og Stenseth (2005).

Å fastlegge ein haustingsprosedyre involverer å skaffe seg oppfatningar om kor stort uttak av ressursen ein kan foreta kvart år, kven som skal foreta haustinga og korleis utbyttet skal fordelast. Det kan involvere fleire avgjerdstakarar og fleire nivå av avgjerdar. Det vil bli sagt meir om dette nedanfor.

### Omgrep for å drøfte egedomsregime.

Dei fire egedomsregima omtala ovanfor er å betrakte som idealtypar. Ein vil normalt finne at dei i eit gitt samfunn kan eksistere side om side, til dels for same typen ressurs. I ein empirisk røyndom må dei spesifiserast, konkretiserast og avgrensast. Vi skal ta med noen omgrep som har vist seg nyttige for dette.

Ein skil gjerne mellom ein fridom og ein rett til eit gode. Ein gitt person har fridom til å nyte eit gode dersom ingen har rett til å nekte vedkommande å nyte godet. Personen har ein rett til godet dersom han eller ho har fridom til å nekte andre personar å nyte godet og denne fridomen er garantert av eit system av sanksjoner. Allemannsrettane er fridomar til å nyte visse gode som ferdsel i utmark, bær plukka i utmark eller fritidsfiske i sjøen. Ingen har fridom til å nekte nokon desse goda. Beitet i utmarka er ein rett. For alle delar av landet vil vi kunne finne ein aktør som har fridom til nekte andre å sleppe dyra sine på beite der. Men legg merke til at også fridomar har legitimitet og er gitt rettsvern.

### Hohfelds klassifikasjon av relasjonar definert av rettar

Hohfeld (1913, 1917) sine omgrep for å karakterisere rettar til gode er blitt mye brukt for å forstå korleis egedomsrettar fungerer (Thomson 1990). Hohfeld ser på retten som ein asymmetrisk relasjon mellom eigaren og ikkje-eigarane. Denne relasjonen kan karakteriserast ved fire omgrepsspar, to som omtalar brukssituasjonen og to som omtalar byttesituasjonen. Ein relasjon har også ei grense der den sluttar å gjelde. Den kan gå over i det motsette av det den var. Skjematisk kan relasjonane og deira negasjon oppsummerast som gjort i tabell 1.<sup>7</sup>

Tabell 1 Motsvarande rettar og plikter mellom eigar og ikkje-eigar i bruks- og bytterelasjonar og negasjonen av denne relasjonen

	<u>Eigar</u>	<u>Ikkje-Eigar</u>	<u>Negasjonen av Eigar-Ikkje-eigar relasjonen</u>
<u>Bruksrelasjonar</u>	*Krav *Fridomar	*Plikter *Ikkje-Krav	Ikkje-Krav Plikter
<u>Bytterelasjonar</u>	*Kompetanse <sup>8</sup> *Rettsvern	*Ansvarspotensiale <sup>9</sup> *Ikkje-Kompetanse	Ikkje-Kompetanse Ansvarspotensiale

Kjelde: Hohfeld (1913;1917)

7 Dei engelske omgrepa:

		OWNER/ NON-OWNERS RELATION		ITS NEGATION
Use aspects	1.	claim-rights	duties	no rights
	2.	privileges	no rights	duties
Exchange aspects	3.	powers	liabilities	no powers
	4.	immunities	no powers	liabilities

<sup>8</sup> "Powers" er omsett som kompetanse. Kompetanse er brukt i si juridiske tyding av legalt definert og garantert makt.

<sup>9</sup> Det engelske ordet "liability" vil i juridisk språkbruk tyde at ein person er i ein posisjon der vedkommande er utsett for bruk av ein kompetanse. Ikkje-eigarane er så å seie verkeområdet for bruken av den makta som ein legal kompetanse gir.

Når ein studerer egedomsregime vil det i større grad verte tenkt på graderingar og typifiseringar av dei krav, fridomar, kompetansar og rettsvern som eigarane har og dei plikter, ikkje-krav, ansvarspotensiale og ikkje-kompetansar som ikkje-eigarane har.

Ein måte å gradere dei på kan være å gå konkret inn på dei aktivitetane som må gjennomførast for at ein skal kunne nyte ein straum av gode frå ein ressurs: haustingsprosedyren.

To sider av haustingsprosedyren har interesse. Den er i sin konkrete manifestasjon fundert på eit system av avgjerder teke på ulike nivå til ulik tid. Nokre avgjerder er teke inn i statens grunnlov, andre finst i særlege lover eller i dagleglivets mange normer og konvensjonar. Nokre avgjerder er teke i det einskildaktørar går saman for å koordinere den samla haustingsaktiviteten, eller som ein del av den einskilde si planlegging av eigen aktivitet. Andre avgjerder vert tekne der og da medan haustinga faktisk skjer. Dette kjem vi tilbake til nedanfor.

### ***Økonomiske roller og knippe av rettar***

Den andre sida av haustingsprosedyren gjeld det materielle innhaldet av den: dei konkrete rettane den baserer seg på. Vi kan i teoriane om egedomsregime alltid sjå ein kontrast mellom regimet sjølv og mangelen på regime. Ein situasjon der det ikkje finst reglar eller normer som styrer aktivitetar eller interesser i høve til gitte gode (eller ubehag) er på ein måte "default" verdien for teoriar om korleis reglar og normer verkar på ressursbruken. Denne "default" situasjonen er grunnlaget for den velkjente metaforen om "Allmenningens Tragedie" (Hardin 1968). Garrett Hardin si framstilling av ressursen utan regulerande rettar, den opent tilgjengelege ressursen, var utgangspunkt for mye av forskinga på egedomsregime dei siste tiåra av førre århundre.

Dersom ein tar utgangspunktet i ein ressurs der alle har tilgang, den uregulerte ressursen, vil ein ha ein aukande grad av kontroll med straumen av gode dersom ein for eksempel kan gå frå ein fridom til å hauste frå ressursen, via retten til å regulere haustingskvantumet, retten til å ekskludere nokon frå å hauste frå ressursen og fram til retten til å selje eller gi bort ressursen (avhende)<sup>10</sup>.

*Tabell 2 Ulike knippe av rettar*

	EIGE	FOR-PAKTING	FOR-VALTNING	AUTORISERT BRUKAR	UREGULERT RESSURS
RETT TIL					
TILGANG	*	*	*	*	*
HAUSTE	*	*	*	*	
REGULERE	*	*	*		
EKSKLUDERE	*	*			
AVHENDE	*				

Kjelde: Schlager and Ostrom 1992

Det som liknar mest på dei uregulerte ressursane i internasjonalt hav og luftrom, er dei ressursane vi har tilgang til via allemannsretten. Den er i hovudsak karakterisert ved at den gir alle statusen som autorisert brukar med den same fridomen til å hauste visse spesifiserte gode som naturopplevingar, visse typar vekstar og frukter og visse former for fiske. Legg vi til ein rett til å regulere haustingskvantumet (ein kan pålegge andre ei plikt til å avgrense kvantumet som vert hausta) er vi i ein forvaltningssituasjon, og gir vi i tillegg retten til å

<sup>10</sup> Klassane av rettar er basert på Schlager and Ostrom (1992)

ekskludere dei som har tilgang, dvs. vi har rett til å krevje at andre avstår frå å hauste, kan vi kalle det ein forpakingssituasjon. Får vi i tillegg retten til å avhende ressursen er det full eige av ressursen.

Dei ulike knippa av rettar vi har sett på ovanfor er ikkje den einaste måten å organisere dei på. Tillit-institusjonen i Storbritannia og USA vert nytta til å forvalte både store private eigedomar og viktige fellesgode. Der vert dei ulike rettane sett saman til tre roller som er involvert i forvaltninga av tillitsfonda: tillitsegaren, den nytande eigaren og forpaktaren.

*Tabell 3 Knippe av rettar i tillitseige*

Rettar	Tillitseigar (Trustee)	Nytande eigar (Cestui que trust)	Forpakteren	
$X_1$ =Tilgang	$\Delta_1 X_1$	$\Delta_2 X_1$	$\Delta_3 X_1$	$\Sigma_i \Delta_i X_1 = X_1$
$X_2$ =Hauste	$\Delta_1 X_2$	$\Delta_2 X_2$	$\Delta_3 X_2$	$\Sigma_i \Delta_i X_2 = X_2$
$X_3$ =Regulere	$\Delta_1 X_3$	$\Delta_2 X_3$	$\Delta_3 X_3$	$\Sigma_i \Delta_i X_3 = X_3$
$X_4$ =Ekskludere	$\Delta_1 X_4$	$\Delta_2 X_4$	$\Delta_3 X_4$	$\Sigma_i \Delta_i X_4 = X_4$
$X_5$ =Avhende	$X_5$			

Rettane frå  $X_1$  til  $X_4$  kan fordelast på dei tre rollene etter kva som høver i den konkrete situasjonen. Men det er berre tillitsegaren som kan avhende noko av ressursen. Dette gir ein særleg vanskeleg insentivstruktur i relasjonen til nytande eigar. Ein har løyst problemet ved å gi nytande eigar rett til å saksøkje tillitsegaren for brot på tilliten dersom denne ikkje styrer eigedommen i samsvar med det dokumentet som oppretta fondet. Konstruksjonen har mange føremoner og vert nytta i mange samanhengar for å verne natur (land trust) (Berge 2002, 1988; Lawson & Rudden 1982).

### ***Avgjerdsprosedyrar og nivå***

Dei ulike konkrete reglane for tilgang, hausting, regulering, og eksklusjon må fastsetjast, overvakast og sanksjonerast. Prosedyrane som vert nytta i regelfastsetjinga er ein viktig del av eit egedomsregime. Det finst gjerne ulike avgjerdsprosedyrar for ulike nivå av avgjerder. Ein bør som eit minimum skilje mellom tre nivå (Ostrom 1990):

#### 1. Brukarnivået.

Dette er den einskilde aktøren som faktisk haustar av ein ressurs. I høve til avgjerdsprosedyrane er det her ein tek detaljerte avgjerder om metodebruk for hausting, kvantum som skal haustast og tidspunkt for hausting. Det vil også skje ei koordinering av aktivitet i høve til andre brukarar av ressursen og overvaking av kva andre brukarar gjer.

#### 2. Brukarsystemnivået.

Dette er den einskilde aktøren sin næraste omgivnad. Det vil omfatte delar av det lokalsamfunnet brukaren tilhøyrer. Mest typisk er det andre einskildaktørar som har interesser i same eller i same type ressurs. I høve til avgjerdsprosedyrane er det svært variabelt kva som skjer på dette nivået. Som eit minimum vil ein på dette nivået finne at det skjer ei tolking av kva rammevilkår gitt utanfrå konkret tyder og korleis allmenne atferdsmessige konvensjonar er å forstå i høve til haustingsaktiviteten. I den grad det er mogeleg og ønskjeleg vil dette manifesterast i eit regelverk av avgjerdsprosedyrar for kvantumsregulering av hausting og tilgangskontroll for haustinga. I den grad koordinering av aktiviteten til ulike brukarar er nødvendig vil også dette manifesterast i reguleringar og kontrollprosedyrar. Visse former for sanksjonar av brot på vedtekne reglar vil også finne stad her.

### 3. Samfunnssystemnivået.

Dette er det einskilde brukarsystemets omgivnad og vil være til stades dels gjennom dei rammevilkåra som den systemansvarlege aktøren (staten eller kommunen) fastlegg for brukarsystema og dei einskilde brukarane av ein ressurs (generelle reglar for legitim aktivitet) og dels gjennom allment delte verdiar og normer. Graden av detaljering og målspesifikasjon i rammevilkåra varierer mye. I ein normal rettsstat vil dei som eit minimum omfatte garantiar for rettstryggleik, tilgang til rettssystemet og eit lovverk for allmenn atferd. Men rammer gitt utanfrå kan også gå langt i å overta oppgåver som kunne vore løyst på brukarsystemnivå. I høve til avgjerdsprosedyrane kan ein seie at dette nivået representerer konstitusjonelle reglar om korleis prosedyrane på brukarsystemnivå bør utformast.

I alle dei tre eigentlege egedomsregima omtala ovanfor finn ein fleire variantar av avgjerdsprosedyrar karakterisert av varierende fordelingar av avgjerdskompetanse på ulike nivå. Ein kan tenke seg ein kontinuerleg skala frå at all avgjerdsmynde er samla hos den systemansvarlege aktøren til at all avgjerdsmynde er samla hos den einskilde brukaren av ein ressurs. Fordelinga av rettar (i Hohfelds forstand) på dei ulike nivåa er i dag sett som å vere svært avgjerande for berekrafta i ressursbruken. Men innsikt i kva for konsekvensar ulike utformingar av eigeforma til ein ressurs har for på eine sida fordelingsrettferda, og på andre sida stabiliteten og berekrafta i ressursbruken er enno svært ufullstendig (Schlager & Ostrom 1992; Berge 1994; Ostrom 2005a). Dette er nok noko av grunnen til at teoriutviklinga har teke utgangspunkt i den sosiale fella som låg gøymt i den opent tilgjengelege ressursen.

### Sosiale feller

Det er ikkje lett å sjå for seg korleis samfunnet ville te seg utan regjering eller anna form for styring. Hobbes freista gjere det og endte opp med "alles krig mot alle" som det mest sannsynlege og utleda av det ein teori som gjorde sentralt einevelde nødvendig (Leviathan) (Hobbes [1651] 1987). I dag er ikkje denne teorien brukbar. Det er likevel ikkje semje om kor mye sentral styring som trengst og på kva område. Men det er semje om eitt viktig faktum som gjer styring nødvendig. Dette er fenomenet som vert kalla "sosiale feller". På kva skalnivå av samfunnet sentralstyringa trengs er avhengig av korleis fella er konstruert.

Når medlemmene i ei folkegruppe arbeider mot eit mål som krev samarbeid og der utbyttet for kvar einskild er påverka av kva dei andre yter til fellesprosjektet er det eit potensiale for ei sosial felle. Når fellestiltaket er eit offentleg gode som alle kan nyte så snart det er ferdig produsert vil det ofte finnast einskildindivid som vil freiste vere gratispassasjer på innsatsen til gruppa. Dersom godet er ein naturressurs som reproduserer seg sjølv vil ein stor samla innsats i hausting av ressursen kunne føre til at haustinga er større enn tilveksten. I slike situasjonar vil det finnast einskildpersonar som ser seg tent med å auke haustinga for eigen del sjølv om det da fører til at det vert mindre igjen for resten av gruppa. Fella klappar igjen dersom folkegruppa ikkje har reglar eller har ein struktur i reglane som gjer det mogeleg å tvinge gratispassasjeren til å yte sitt, eller den som haustar for mye til å redusere innsatsen sin. Mangel på reglar fører til at felles tiltak ikkje blir gjennomført eller felles ressursar blir øyde.

Ein viktig del av samfunnsstyringa går ut på å lage reglar som gjer at felles tiltak kan gjennomførast og ressursar blir forvalta så ein kan hauste av dei framover i tida (Rothstein 2005). Men det er ikkje alle slags reglar som verkar like godt. Feil reglar kan også føre til at felles tiltak ikkje blir gjennomført eller at felles ressursar blir øyde. God samfunnsstyring vil derfor dreie seg om å finne reglar og tilpasse dei til kvarandre slik at dei samla sett gjer at ein unngår dei sosiale fellene.



For å unngå å bli sitjande i ei sosial felle må ein bli einige om sams reglar. Men å lage reglar som alle kan akseptere tar tid og krefter. Den som kan vere gratispassasjer i arbeidet med å formulere reglar, overvake dei og straffe brota på dei, vil tene på det. Å lage reglar er eit andreordens sosialt dilemma. Kva skal til for at folk er med på å lage reglar som skal leggje grenser på deira eigen handlefridom?

Dette er sjølvstøtt feil spørsmål. Omtalen av sosiale dilemma er her stilisert for å få fram at dei reglane vi lever etter ikkje er der fordi dei er opplagt fornuftige og til fordel for kvar einskild gruppemedlem. Og reglar som avgrensar handlefridomen oppstår ikkje av ingenting i det ein skal hauste av ein nyoppdaga ressurs. Når det gjeld reglar og normer er den verkelege "default" situasjonen: gjer ingenting, lag ikkje nye reglar. Det normale er å bruke dei gamle reglane. Det skal ofte svært mye gratispassasjerar og ressursøyding til før ein tenkjer på å endre reglane. I kortversjonen kan ein seie at reglar i faktiske situasjonar er der fordi dei som har makt til å vedta eller endre reglar på kort sikt ser seg tent med å halde på dei som alt er i bruk (North 1990, 2005). Nye reglar som kunne gi auke i summen av gode i samfunnet har små sjansar til å bli vedtekne dersom det går ut over dei goda som gruppa med makt over regelverket sit med.

### Sluttord

Korleis ein gitt regel vart til i første omgang er noko anna enn kvifor den framleis er i bruk. For å skjønne korleis eit egedomsregime fungerer må vi skjønne både korleis reglane verkar i praksis og vi må skjønne kvifor reglane er som dei er. Ostrom (1990) sine framlegg til design prinsipp for velfungerande og langliva forvaltningssystem er etter kvart akseptert som eit godt utgangspunkt for slike studiar.

Det finst også fleire freistnader på å skjønne korleis institusjonar har vakse fram i historia. To bidrag som har gitt underteikna mye er Mary Douglas (1986) og John Searle (1995) sine svært ulike tilnærmingar. Boyd og Richerson (2005) har ei tredje tilnærming. Dei studerer utvikling av kulturar, inklusiv institusjonar i eit evolusjonsperspektiv. Slik som genotypar har ein evolusjon og slik som språk har ein evolusjon, tenkjer dei seg at institusjonar for samhandling også har ein evolusjon. Korleis slik innsikt vil påverke teoriane om egedomsregime vil framtida vise.

### Litteratur

- Berge, Erling. 1988. Nokre sentrale omgrep i engelsk rettstenking om egedom (Some Central Concepts of the English Jurisprudence of Property). *Kart og Plan* 48 (4):383-388.
- Berge, Erling. 1994. Democracy and Human Rights: Conditions for Sustainable Resource Utilization. In *Who Pays the Price? The Sociocultural Context of Environmental Crisis*, edited by B. R. Johnston. Covelo, CA: Island Press.
- Berge, Erling. 2002. Varieties of Property Rights to Nature. Some Observations on Landholding and Resource Ownership in Norway and England. In *Forest Law and Environmental Legislation. Contributions of the IUFRO Research Group 6.13 Proceedings VII* edited by F. Schmithüsen, Georg Iselin, and Peter Herbst. Zürich: ETH.
- Berge, Erling. 2006. Protected areas and traditional commons: values and institutions. *Norsk Geografisk Tidsskrift - Norwegian Journal of Geography* 60 (1):65 - 76.
- Boyd, Robert, and Peter J. Richerson. 2005. *The origin and evolution of cultures*. Oxford: Oxford University Press.
- Bromley, Daniel W. 1991. *Environment and Economy. Property Rights & Public Policy*. New York: Basil Blackwell.

- Douglas, Mary. 1986. *How Institutions Think*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Hardin, Garrett. 1968. The Tragedy of the Commons. *Science* 162 (3859):1243-1248.
- Hobbes, Thomas. [1651] 1987. *Leviathan*. London: Penguin.
- Hohfeld, W. N. 1913. Some fundamental legal conceptions as applied in judicial reasoning. *Yale Law Journal* 23:16-59.
- Hohfeld, W. N. 1917. Fundamental legal conceptions as applied in judicial reasoning. *Yale Law Journal* 26:710-770.
- Hume, David. [1888] 1978. *A treatise of Human Nature. Analytical Index by L A Selby-Bigge. Second Edition*. Oxford: Oxford University Press.
- Lawson, F. H., and Bernard Rudden. 1982. *The Law of Property, Second Edition*. Oxford: Clarendon Press.
- Locke, John. [1690] 1986. *Two Treatises of Government*. London: Dent.
- North, Douglass C. 1990. *Institutions, Institutional Change and Economic Performance*. Cambridge: Cambridge University Press.
- North, Douglass C. 2005. *Understanding the Process of Economic Change*. Princeton: Princeton University Press.
- Nozick, Robert. 1974. *Anarchy, State, and Utopia*. Oxford: Basil Blackwell.
- Ostrom, Elinor. 1990. *Governing the Commons. The Evolution of Institutions for Collective Action*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ostrom, Elinor. 2005a. *Understanding Institutional Diversity*. Princeton: Princeton University Press.
- Rawls, John. 1972. *A Theory of Justice*. Oxford: Oxford University Press.
- Rothstein, Bo. 2005. *Social traps and the problem of trust*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Schlager, Edella, and Elinor Ostrom. 1992. Property-Rights Regimes and Natural Resources: A Conceptual Analysis. *Land Economics* 68 (3):249-262.
- Searle, John R. 1995. *The Construction of Social Reality*. New York: The Free Press.
- Sevatdal, Hans. 1998. Common Property in Norway's Rural Areas. In *Law and the Governance of Renewable Resources*, edited by E. Berge and N. C. Stenseth. Oakland, CA: ICS Press.
- Stenseth, Geir. 2005. *Almenningens Janusansikt. En sammenlignende rettslig analyse av almennings- og samarbeidsforhold i norsk utmark*. Oslo: Gyldendal.
- Thomson, Judith Jarvis. 1990. *The Realm of Rights*. Cambridge, MA: Harvard University Press.
- Young, Oran R. 2002. *The Institutional Dimensions of Environmental Change. Fit, Play, Scale*. Cambridge, MA: MIT Press.